

Stabbesteinsvegens venner org. 927075717
og
Høgafjell sør grunneigarlag
v/ Sissel Hesjedal
Nesttuntræet 35
5221 Nesttun
e-post sissel.hesjedal@gmail.com
mobil 97766511

Nesttuntræet 06.06.2023

post@osteroy.kommune.no

Søknad om støtte til etablering av ny parkeringsplass for besøkande/friluftersformål.

Stabbesteinsvegens venner og Høgafjell sør grunneigarlag samarbeider om å få etablert ein ny parkeringsplass ved Midtvatnet (Heggebotn).

Vegen frå Heggebotn forbi Høgaløypet og til fjorden (Grøttå) er sikra med 1750 stabbesteinar, og blir på folkemunnen kalla Stabbesteinsvegen. Den smale vegen stod ferdig i 1936, og vart brukt som skuleveg, postveg og av folket i dalen når dei tok båt over til Stanghelle. Sidan 1990 har vedlikehaldet hovudsakeleg vore på dugnad av grunneigarlaget.

Vegen er eit attraktiv turområdet, og det er stor auke etter at vegen vart igjen opna den 28.august i 2021. Ved Blomdalsleite er det nokre parkeringsplassar. Det har til tider vore svært kaotiske parkeringstilhøve her. Grunneigarlaget har fått løyve av Vaksdal kommune til å etablere ny og større parkeringsplass

Den nye parkeringsplassen er eit allmenntiltak for å betre parkeringstilhøve på staden. I tillegg vil parkering ved Midtvatnet redusere trykket på stabbesteinsvegen mellom Heggebotn og Blomdalsleite. Parkeringsplassen kan nyttast gratis av alle, og er i hovudsakleg tiltenkt turgåarar og friluftsfolk i området.

Barnas turlag (Bergen turlag) har hytte (eigedom) i Træet.

Parkeringsplassen blir omlag 1100 m², og er kostnadsrekna til kr. 115 000,- Det er inngått ein 40 års avtale med Mjelde skipsreides/bygdeallmenning som gjev Høgafjell sør grunneigarlag rett til og opparbeiding av ny parkeringsplass ved Midtvatnet ved grensa til Gnr.3 Bnr.2 Heggebotn.

Det er eit tilrettelagt friluftsområdet ved Midtvatnet. Der har Bergen og omland Friluftsråd har etablert bl.a. eit utedo.

Vi vonar de vil støtta oss økonomisk slik at vi får etablert ein større parkeringsplass i eit flott turområdet. Stabbesteinsvegens venner konto nr **3626 27 89076**

På førehand takk.

Med vennleg helsing
For Stavvesteinsvegens venner og
Høgafjell sør grunneigarlag
Sissel Hesjedal

Vedlegg : Budsjett -ny parkeringsplass ved Midtvatnet.